

Møteprotokoll

Utval: Stølsheimen verneområdestyre
Møtestad: Telefonmøte, Fjordsenteret Aurland
Dato: 27.04.2015
Tidspunkt: 09:00

Følgjande faste medlemmar møtte:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|-------------------------|----------|---------------|
| Karen Marie Hjølmeseter | Medlem | SFFK |
| Marta Finden Halset | Leiar | VIK |
| Oddvar Østerbø | Medlem | HØY |
| Silje Hjemdal | Medlem | HOFK |

Følgjande medlemmar meldte forfall:

| Namn | Funksjon | Representerer |
|--------------------|----------|---------------|
| Hans Erik Ringkjøb | NESTL | VOSS |
| Knut Moe | MEDL | MODA |

Følgjande varamedlemmar møtte:

| Namn | Møtte for | Representerer |
|------------------|-----------|---------------|
| Liv Anne Aanesen | Knut Moe | MODA |

Merknader

Møtet vart gjennomført som telefonmøte

Frå administrasjonen møtte:

| Namn | Stilling |
|----------------|----------|
| Anbjørg Nornes | Sekretær |

Andre:

Veronika Seim Bech Landbrukssjef Vik kommune

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

| Utvals- saksnr | Innhald | Lukka | Arkiv- saksnr |
|-------------------|---|-------|------------------|
| ST 13/15 | Godkjenning av innkalling og dagsorden | | |
| ST 14/15 | Stølsheimen landskapsvernområde - søknad om plassering av midlertidig flytekai med hus i Finnabotnen | | 2015/936 |
| RS 2/15 | Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfoldloven § 48 | | 2015/1388 |
| DS 2/15 | Stølsheimen landskapsvernområde - løyve til bruk av snøskuter til oppsyn av villrein i samband med anleggsarbeid ved Grøndalsvatnet | | 2015/769 |
| DS 3/15 | Stølsheimen landskapsvernområde - fornya løyve til bruk av snøskuter til kvisting av skiløyper | | 2015/701 |

Andre saker:

Planlagt møte 1. juni vert utsett til august dersom det ikkje kjem inn saker som skal handsamast. Det vert sendt ut melding når dato er fastsett.

Arkivsaksnr: 2015/936-0

Saksbehandlar: Anbjørg Nornes

Dato: 10.04.2015

| Utval | Utvalssak | Møtedato |
|------------------------------|-----------|------------|
| Stølsheimen verneområdestyre | 14/15 | 27.04.2015 |

Stølsheimen landskapsvernomsråde - søknad om plassering av midlertidig flytekai med hus i Finnabotnen

Innstilling frå forvaltar

Stølsheimen verneområdestyre avslår søknaden om dispensasjon til midlertidig plassering av flytekai i Finnabotnen. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48 fyste ledd, 1. alternativ.

Saksprotokoll i Stølsheimen verneområdestyre - 27.04.2015

Handsaming i møte

Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar.

Styret er positiv til næringsutvikling i Finnabotnen og oppmodar søkjar om å koma tilbake med ny søknad om kai, der kaia er i tråd med retningslinjene i skjøtselsplan for Finnabotnen og forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernomsråde.

Vedtak

Stølsheimen verneområdestyre avslår søknaden om dispensasjon til midlertidig plassering av flytekai i Finnabotnen. Avslaget er heimla i verneforskrifta for Stølsheimen landskapsvernomsråde og naturmangfaldlova § 48 fyste ledd, 1. alternativ.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Findebotten AS om midlertidig dispensasjon til å behalda bygg på oppankra flytekai i Finnabotnen, datert 09.04.15

Søknaden vert vurdert etter:


- Verneforskrift for Stølsheimen landskapsvernområde 21.12.90
- Forvaltningsplan for Stølsheimen landskapsvernområde mars 1998
- Skjøtselsplan for Finnabotnen, rapport nr. 4 – 2003 (*Fylkesmannen i Sogn og Fjordane*)
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Findebotten AS vart stifta den 28.10.2014. Eigarane er Kåre Egil Skjerven og Roald Øvreås. Dei har kjøpt det eine gardsbruket i Finnabotnen, gnr. 67, bnr. 1. Finnabotnen med Finnafjorden ligg i Stølsheimen landskapsvernområde. Findebotten AS planlegg drift på eigedomen innan reiselivsnæring med utleige av lokale, overnatting, servering m.m. Dei ser føre seg 2-3 arbeidsplassar i tidsrommet mars til desember.

På eigedomen står det i dag eit nytt hovudhus og ein ny driftsbygning bygd som utleigehus med serveringslokale (bygd i 2004). I tillegg er det fleire utlær og stølshus på garden. I Finnabotnen er det ei kai i dårleg forfatning, og ei flytebyggje som ikkje er i bruk. Findebotten AS planlegg å kjøpa ei flytebyggja med hus som dei vil ankra opp i Finnabotnen. Flytekaia er på ca. 12 x 18 meter. Bygget er på ca. 9 x 9 meter og med 1,5 etasje. Det er bad i 2. etasje med avløp ut i sjø. Flytekai/lekteren er bygd med betong og flyteelement av isopor. Det er innebygd dieseltank i lekteren, som i salsoppgåva vert opplyst ikkje er tett. Fortøying av lekteren er med kjetting og tau. Det er gode moglegheiter for fortøying av både mindre og større båtar til lekteren.



Bilde flytekai, frå salgoppgåve, Bremanger kommune



Finnabotnen 2014, foto Anbjørg Nornes

Findebotnen AS søker om å få ha huset ståande på flytekaia midlertidig i 3 – 4 år. I søknaden opplyser dei at huset vil vera naudsynt til lagringsplass for varer. I tillegg vil huset kunne nyttast som venterom for besøkjande som ventar på båten i Finnafjorden. Det er ikkje naust på bruket i dag, og dei vil difor nytta huset på flytekaia til dei får sett opp eit naust/bygg ved sjøen I fylgje skjøtselsplan er det gjeve løyve til bygging av naust på bruk nr. 1 i samband med fast busetnad. Kaia som er der i dag er bygd felles for begge bruka, og det er gjeve offentleg tilskot til bygging av kaien (jf. skjøtselsplanen).

Verneområdeforvaltar og representantar frå administrasjonen i Vik kommune hadde møte med eigarane i Findebotten AS 16. mars i år. På møtet fekk eigarane informasjon om at det ville vera vanskeleg å gje dispensasjon til ei flytekai med hus i Finnabotnen, men at det ville vera større moglegheit for dispensasjon til ein flytekai utan hus.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med vern Stølsheimen landskapsvernområde er å ta vare på eit særmerkt og vakkert vestlandsk fjell- og fjordlandskap med kulturminne, kulturlandskap og naturmiljø som er lite påverka av tekniske inngrep, samstundes som området skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske» jf. pkt. III i verneforskrifta. Det er forbod mot inngrep som kan endre landskapets art eller karakter «så som oppføring av bygningar, anlegg og faste innretningar...» jf. pkt IV nr.1. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppføring av gjetarhytter, buer og naust, og andre bygg i samband med landbruksdrift, tilpassa tradisjonelt bygningsmiljø på staden» jf. pkt. VI nr. 2 i verneforskrifta. Tiltaket i denne søknaden kjem ikkje under dette punktet og må vurderast etter verneforskrifta punkt VII, som seier forvaltninga kan gjera unntak i særskilte høve. Dette punktet er erstatta av naturmangfaldlova § 48; «Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig».

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Det er positivt at det er kome nye eigarar i Finnabotnen som ynskjer å bruka område i næringsssamanheng, og samstundes ta vare på landskapsvernområdet. I skjøtselsplan for Finnabotnen står det at «Eit mål for utvikling av Finnabotnen bør vera utvikling av næringsverksemd som er i tråd med verneforskrift og innanfor formålet med verneområdet og samstundes gir økonomisk for eller bidrag til skjøtselsarbeidet». For å ta vare på kulturlandskapet, er det viktig med godt samarbeid med grunneigarane. Moglegheit for næringsinntekt i Finnabotnen vil gjera det meir føremålstenleg for eigarane å drive skjøtsel av landskapet, og med det ta vare på verneverdiane. Forvaltar meiner det vil vera viktig at det vert lagt til rette for at eigarane kan driva næringsverksemd når dette skjer innafor rammene av verneformålet og verneforskrifta.

Søknaden må vurderast etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd 1. alternativ, som vil seie at tiltaket ikkje skal vera i strid med verneføremålet og ikkje vera til nemneverdig skade på verneverdiane.

I Finnabotnen er det to gardsbruk. Ingen av desse har aktiv landbruksdrift i dag, og det er fleire år sidan det har vore beitedyr her. Innmarka mellom fjorden og gardstuna har vore slått med slåmaskin siste åra. Deler av innmarka er i attgroingsfasen, og det er trong for skjøtsel for å stoppe attgroinga. Skjøtselsplanen skisserer tiltak for skjøtsel. Under mål for Finnabotnen, delområde A (gardstun med innmark) står det: «Tiltalende gardstun med bygningsmiljø skal takast vare på, men opning for løyve til endringar som knyter seg til det gamle bygningsmiljøet.... Terrenget og tekniske installasjonar (hus, vegar m.m) skal ikkje endrast vesentleg bortsett frå bygging av kårhus, nytt naust, ombygging av løa på bruk nr. 1, restaurering av løa på bruk nr. 2 og bygging av ny kai». Forvaltar vurderer flytekai med hus til ikkje å vera i tråd med føringane i skjøtselsplanen.

Geografisk er Finnabotnen vanskeleg tilgjengeleg. Hovudvegen til Finnabotnen er fjorden. Ei kai er viktig for tilkomst til Finnabotnen, og då også for å kunne driva næring her. Kaia som er her i dag treng omfattande vedlikehald for å kunne brukast. Om vinteren er Finnafjorden tidvis islagt innafor Finnen. Dette set strenge tekniske krav til kai og oppankring av flytekai. Fortøyinga av flytekaia som er der i dag vart øydelagt av isen. Ei ny flytekai med fortøying må vera dimensjonert for å tåle innfrysing. Det er ikkje opplyst i søknaden om kaia er dimensjonert for slike forhold.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplanen for Stølsheimen, skjøtselsplanen for Finnabotnen og naturbasen (13.04.15). I fylgje naturbasen er det utvalt naturtype slåttemark i Finnabotnen. Slåttemarka vil ikkje verta direkte påverka av tiltaket. Ein har liten kunnskap om naturtilhøva i fjorden. Den inste delen av Finnafjorden med Finnabotnen er avskoren frå Finnafjorden med ein trong og grunn (på fjære sjø kring 1,5 meter djupne) terskel ved Finden. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml § 8 er vurdert som god på land, men ikkje i vatnet i denne saka. I salsoppgåva for flytekaia er det opplyst at det er ein dieseltank på kaia som er antatt å ikkje vera tett, og utslepp frå toalett og vask i huset er til sjø. Det vil då vera fare for ureining frå kaia og huset, noko som vil vere svært uheldig fordi Finnabotnen er ein terskelfjord der utslepp av diesel kan gjere store skade. Med manglande kunnskap om livet i fjorden her, er det også vanskeleg å seie noko om skadeomfanget av eit eventuelt dieselutslepp. Førvar-prinsippet jf. § 9 er difor tillagt vekt i saka.

Flytekaia med hus vil påverka landskapet i Finnabotnen. Både kai og hus vil vere store byggverk i Finnabotnen sett i samanheng med bygningsmiljøet som er her i dag. Huset skil seg klart ut frå byggeskikken i området, og vil vera som ei hytte i strandsona. Naust i området skal ha tradisjonell naustutforming utan overnattingsplass, og vere mindre enn huset på flytekaien. Ved kaia er det i dag eit naust som er sett opp av det andre gardsbruket. Det bør greiast ut om dette bygget kan vera eit alternativ som lagerplass/venterom i år dersom det er stor trong for det. Den samla belastninga av tiltaket jf. nml § 10 er tillagt stor vekt ved at kaia og særleg huset vil ha stor påverknad på landskapet, sidan det vil vere eit blikkfang når ein kjem inn mot Finnabotnen. Løyve til midlertidig flytekai med hus kan koma opp som spørsmål også frå andre som har trong for midlertidige bygningar. Behandlinga i denne saka vil difor ha presedens for behandling av liknande saker både i dette og andre verneområde. At bygget kjem i strandsona er ekstra uheldig og gjev enno meir uheldig presedens. Nye fritidsbygg i strandsona er i strid med verneføremålet om å ta vare på kulturminne og kulturlandskap der bygningar skal vera tilpassa tradisjonell bygningsmiljø på staden, som i strandsona er naust. Flytekaia med hus er eit klart framandelement som ikkje er tilpassa tradisjonell byggetradisjon i Finnafjorden. Plasseringa i strandsona med kulturlandskapet som bakgrunn, vil få stor påverknad på landskapet og ikkje vera den beste miljømessige løysinga jf. nml §12. Ei mindre flytekai utan hus vil vera mindre dominerande i landskapet, og vil vera ei betre løysing for å få løyst utfordringa med kai i Finnabotnen. Bygningen på flytekaia vil etter forvaltar sitt syn også kome i konflikt med intensjonane i plan- og bygningslova med forbod mot oppføring av bygningar i 100-meters beltet.

På bakgrunn av vurderingane i nml §§ 8 til 12 og verneforskrifta, meiner forvaltar det ikkje er grunnlag for å gje dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48 til midlertidig plassering av flytekai med hus i Finnabotnen. Forvaltar innstiller på avslag i saka.